



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 15.03.2016

Sak nr.: 16/2483-3

Internt l.nr. 9683/16

Sak: 11/16

Tittel: Søknad om ruteløyve Flåm - Gudvangen, Lustrabaatane

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Lustrabaatane får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm - Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.05.16 til 30.09.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.05 - 30.09.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Det må ligge føre skriftleg avtale mellom Lustrabaatane og eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta det vert søkt om ruteløyve.

Endringsframlegg:

MDG sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Saka utsettast inntil samferdsleministeren har gjeve svar på spørsmål frå MDG i Stortinget.
2. HS ber administrasjonen starte eit arbeid for å *sette eit øvre tak for kor mange ruteløyve som kan delast ut når det gjeld kommersielle ruter på strekninga Flåm - Gudvangen.*
2. HS ber administrasjonen utarbeide konkrete miljø- og utsleppskrav til kommersiell båtutetrafikk på strekninga Flåm-Gudvangen.
3. Sak 11/16 handsamast på nytt i HS når rammevilkåra i punkta 1-3 er komne på plass.

Avrøysting:

Framlegget frå MDG om utsetjing fekk ei røyst, Stein Malkenes, og fall.
Framlegget frå fylkesdirektøren fekk 8 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Lustrabaatane får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.05.16 til 30.09.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.05 – 30.09.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjedande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Det må ligge føre skriftleg avtale mellom Lustrabaatane og eigar av dei ulike kaiene på dei klokkesletta det vert søkt om ruteløyve.